


BADBOY: STEROID

av Annette Münch


"Musklene er større enn
noensinne. Så hvorfor har
jeg aldri følt meg så svak
som nå?"

- Casper



Materiellet er utarbeidd av

Agnes Solem-Aicher
Fagansvarlig i BookBites



7. - 9. trinn

BADBOY: STEROID

av Annette Münch

Om romanen

Badboy: Steroid er basert på forfattern sine samtalar med unge brukarar av anabole steroidar.

Hovudpersonen i romanen, Casper, mistar alt. Fyrst mistar han luksustilværet hos mora sin kjærast og deretter draumedama. Så hamnar lillebroren i trøbbel, og mora sin nye kjærast er ein pest og ei plage. Audmjukingane står i kø. Heilt til Liam dukkar opp og ser ut til å kunne by på nett det Casper treng for å gjenvinne respekten og kontrollen over livet sitt. *Badboy: Steroid* handlar om eit misbruk som er meir utprega og omfattande enn vi tør tenkje på.

Romanen var nominert til Uprisen og blei tildelt både Østfoldungdommens Kritikerpris og Brageprisen i 2014. Nedanfor følgjer eit utdrag frå juryen si grunngjeving for tildelinga av Brageprisen:

Annette Münch har skrevet en ungdomsbok med tydelig ærend. I likhet med jentene kan også unge gutter av i dag kjenne seg presset til å presentere en perfekt kropp.

Bokas Casper er ved å lide tap på alle fronter, familiært, sosialt og erotisk, og kroppsbygging framstår som en trylleformel for kjapp restaurering av selvbildet. Men denne snarveien viser seg etter hvert å bli en pinefull, kjemisk infisert blindvei. Med imponerende sakkunnskap og med selvsagt, hjemmekjent håndtering av romanens gutteperspektiv har Münch maktet å gi en dyptloddende framstilling av den unge Caspers lidelser.

Den ytre dramatikken forsterkes mot et knallsterkt klimaks, samtidig som en ond sirkel av fortellser, hans egne og andres, strammer alle knuter. Det hele næstes elegant og overbevisende opp til slutt. Casper reddes ut av sin mentale innesperring med medmenneskelig, ikke steroid hjelp. Dette er en bok som skårer høyt, både kunstnerisk, etisk og som mulig vaksine mot kroppsmisbruk.

Badboy: Steroid er ein aktuell roman som blant anna passar svært godt i arbeidet med det tverrfaglege emnet Folkehelse og livsmeistring.

Om materialet

Romanen *Badboy: Steroid* er blitt ein multimediaproduksjon som formidlar historia til Casper blant anna med intervju og videoar med foto, lyddesign og fengjande musikk. Dette materialet tek fyrst og fremst utgangspunkt i boka, men det vil vere naturleg å også bruke (musikk)videoane som er tilgjengelege. Dei kan for eksempel brukast i starten av eller mot slutten av timar der elevane jobbar med boka.

Undervisningsmaterialet er delt inn i **FØR**, **UNDER** og **ETTER** lesing. Det er tenkt at alle **FØR**-oppgåvene skal gjerast av alle elevane for å vekke interesse og førebu elevane til lesinga. Sjå gjerne teasaren saman: <https://www.youtube.com/watch?v=ah7360Zvod0>

Det er laga oppgåver som kan gjerast av elevane **UNDER** lesinga. Mange av oppgåvene er refleksjonsoppgåver, og du som lærar kan i stor grad velje korleis elevane skal jobbe med oppgåvene, og kor mykje som skal leggjast i kvar av dei. Det er fullt mogleg å velje bort nokre av oppgåvene, og du kan også la elevane lese heile boka utan avbrudd og berre la dei gjere oppgåvene **ETTER** lesinga.

Oppgåvene **ETTER** lesing er delt inn i tre fordjupingsområde: PERSONAR, TEMA og ADAPTASJON. I desse hovudområda er det igjen ulike oppgåver med ulikt fokus. Tanken er at du kan velje dei oppgåvene du meiner passar best til det du ønskjer å fordjupe deg i saman med elevane. Elles kan elevane eventuelt velje dei oppgåvene dei sjølv synest verkar mest spennande, gjerne éi frå kvart fordjupingsområde.

Viss elevane jobbar elektronisk, finst vedlegga som du har i dette dokumentet også som ei lenke i elevfila deira.

Rollegalleri i boka:

- Casper
- Jennie (Caspers mor)
- Jonas (Caspers lillebror)
- Oskar (moras kjærast)
- Erik (moras ekskjærast)
- Stephanie (Caspers ekskjærast)
- Alice (Caspers venninne/kjærast)
- Nikolay (Eriks nevø),
- Liam (Caspers treningskompis)

PERSONDIKT

Det finst mange former for persondikt, og dei kan sjå veldig ulike ut. Felles for dei er likevel at dei skal fortelje noko om ein person, helst noko om personlegdomen.

Her får du eksempel på tre ulike typar persondikt:

Biodikt

I biodikt bruker ein forbokstavane i personen sitt namn som ramme for diktet. Deretter gjeld det å finne passande ord/setningar som startar med dei ulike bokstavane. Eksempelet nedanfor er for Nicolay, nevøen til ekskjærasten Erik:

Nevemagnet

Iskald

Cowboy

Ovanpå

Latterleg

Avstumpa


Yppar til bråk

Bruk eventuelt ei synonymordbok for å få idear til ord: <https://www.synonymordboka.no/>

Ropedikt

I dette diktet kan ein teikne personen eller finne eit bilete som ein synest passar. Deretter skal ein skrive ned nokre utsegn/setningar i eg-form som passar til personen. Skriv 4-5 ulike utsegn som også viser personen si utvikling gjennom boka.

Eksempelet er med Jonas:



Diamantdikt

Dette diktet styrast av forma, men innhaldet er like viktig. Følg anvisinga og sentrer teksten til slutt, slik at diamantforma kjem fram.

- Linje 1:** Skriv namnet på personen
- Linje 2:** Skriv to tilleggsord om personen med "og" mellom
- Linje 3:** Skriv 3 utsegnord, skriv "du" foran
- Linje 4:** Skriv ei heil setning om personen
- Linje 5:** Det same som line 3
- Linje 6:** Det same som line 2
- Linje 7:** Eit substantiv, sluttordet ditt. Det må ha noko med personen å gjere.

Eksempelet er med Alice:

Alice
 Sjølvstendig og omtenksam
 Du utfordrar, du lyttar, du smiler
 Du veit kva du liker og kva du ønskjer for livet ditt
 Du jobbar, du ler, du ordnar
 Viljesterk og vakker
 KRAFT

PERSONRELASJONAR

De treng:

- post-it-lappar i to ulike fargar
- snor


Du skal ha med hovudpersonen Casper og 3-4 personar til. Skriv namna deira på kvar sin post-it-lapp.

Legg lappane på eit bord som har god plass. Ver merksam på at avstanden mellom lappane viser korleis relasjonen er mellom dei to personane. Er forholdet nært, leggjast lappane nærme kvarandre, viss forholdet mellom personane ikkje er så nært, leggjast lappane langt frå kvarandre. No kan du leggje ei snor mellom lappane, som eit slags symbol på relasjonen. Det skal leggjast snorer mellom alle personane. Snorene treng ikkje vere "like". Ei krøllete snor kan vise ein svakare/dårlegare relasjon.

Når personane og relasjonane er på plass, skal du bruke dei andre post-it-lappane. Du skal bruke éin post-it til kvar "relasjonssnor". På denne post-it-lappen skal du skrive om relasjonen blir sterkare eller svakare i løpet av boka. Det kan også tenkjast at relasjonen ikkje endrar seg spesielt mykje. Du skal også skrive ei veldig kort forklaring på dette.

Til slutt, når alle post-it-lappane og snorene ligg slik dei skal, tek du eit bilete av det.

Her kjem eit eksempel med oppdikta karakterar for å vise korleis eit slikt relasjonskart kan sjå ut:



NYTTIGE LENKAR

Videoar

- [Badboy TEASER](#)
- [Badboy](#)
- [Finn ti feil](#)
- [Toppen av verden](#)
- [Ødelagt](#)
- [Styggen på ryggen](#)
- [Odd er et egg](#)

Album Badboy: Steroid på Spotify

- [Badboy: Steroid \(Soundtrack\) - EP by Erik Og Kriss | Spotify](#)

Anabole steroidar - videoar

- [Hva er anabole steroider, og hvordan virker det i kroppen](#)
- [Hvordan påvirker anabole steroider kroppen \(fysiske virkninger\)?](#)
- [Anabole steroider: kjønsspesifikke virkninger](#)
- [Psykiske virkninger av anabole steroider](#)

Anabole steroidar - nettsider

- [NHI om anabole steroider](#)
- [NHI om trening, aktivitet og helse](#)
- [Helsenorge om bivirkninger av anabole steroider](#)

Vald i nære relasjonar

- <https://dinutvei.no/vold-i-naere-relasjoner/>

Lage sitat

- [Quoootes](#)

Korleis presentere gode idear?

- [Pitching - NDLA](#)
- [Kunsten å presentere en knallgod idé](#)